

---

# UTBETRING UL HEIMHUG 2014

---

*UL. Heimhug er eit frilyndt lag som ønskjer å skape engasjement og levande lokalmiljø.*

*Bygdehuset Ljosheim på Hjelmås er mykje brukt - meir brukt enn eit vanleg driftsår grunna ombygging av Leiknes skule og deira mangel på gymsal. Ein gymsal på ein skule blir brukt av bygdafolk til fysiske aktivitetar. I nokre år no har mange av desse fysiske aktivitetane blitt gjennomført i Ljosheim. Salen i Ljosheim er ikke så veldig eigna til denne aktiviteten og ber etterkvart preg av stor slitasje.*

I året 2013 har dette vore aktivitetar i Ljosheim:

**Utleige:**

- Huset har vore helge-utleigd 6 gongar.
- 2 gongar til møteverksemd
- 1 gong til barnebesøk.
- 1 gong til dåp

**Fast utleige:**

- Leiknes blåseorkester har nytta huset til øvingslokale ein gong i veka fram til juni 2013.

**Fast bruk:**

- Styremøter for UL. Heimhug
- HUK
- Zumba og styrketrening to gongar i veka
- Hiphop-kurs ein gong i veka, både vår- og haustkurs.

**Anna bruk:**

- Juleverkstad til inntekt for Storstova
- Juli/august: Øvingslokale for jazzbandet «Humørkarar».
- Barnetrim vår halvåret 2013.
- Open Zumba-dag

- Bingo
- Jazzfest i april med bandet Jazzmin
- Vår-dugnad/ Sunshine-party
- Tour de Sandvikadalen: ein i mai og ein i september.
- Villmarksliv
- Førjulsmarknad
- Eventyrstafetten
- Humørfestival tre dagar til endes: Fredag med humørbarnehedisko, laurdag med Sandvikavegen minutt for minutt dagarrangement og kveldsarrangement med innleidd underhaldning frå Tupper med tuba, søndag juleverkstad.
- Huset har jamleg vore sett til og stelt med då det har vore reinhaldsliste som tek for seg vask min. kvar 14 dag.
- Det har også vore styremedlem som har tatt på seg vaktmeisteroppgåver og som har sett til at huset har det som trengs.
- Styret har leid inn dugnadsgruppa til Storstova som skal male ungdomshuset utvendig våren 2014.
- Styret har hatt møter kvar månad, utanom juli og desember.

UL Heimhug er særskilt engasjert i å bevare det flotte lagshuset Ljosheim. Auka bruk og «tidens tann» gjer sitt til at vedlikehald blir meir vanskeleg som åra går.

Laget er informert om at Noregs Ungdomslag sitt prosjekt «Huset i Bygda» kjem til Knarvik i april i år (2014) for å informere om lagshus, støtteordningar for vedlikehald og nettverksbygging for laga som eig hus sjølv. Prosjektet «Huset i Bygda» samarbeider med Frivilligsentralen i Lindås. Meir info på [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no).

Kanskje kulturmiddlar kan vere eit spleislag med fleire aktørar for å få til eit skikkelig løft for lagshus?

Me håper på eit velvillig løft for lagshuset vårt i denne omgongen av kulturmiddlar.

*Christine Westervik*

-Leiar UL Heimhug-

Hjelmås 14. mars 2014